

Utval: Styret for Fagskolen i Hordaland
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset
Dato: 28.09.2018
Tidspunkt: 11:00 – 13:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Aslaug Hellesøy	Medlem	FL KRF/R/SV
Rosalind Fosse	Medlem	FL FRP/MDG
Alexander Fosse Andersen	Nestleiar	SP
Trude Amundsen	Medlem	TILSETT
Roald Kvamme	Leiar	A
John Helge Gullaksen	Medlem	FL H/V
Thomas Rimmereide	Medlem	STUD

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Frå Fagskolen i Hordaland møtte følgjande::

Torbjørn Tvedt, rektor
Torill Flatebø, fagleiar
Giulia Casella, adm.leiar

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Adeline Landro	Spesialrådgjevar
Øydis R. Ziem	Utvalssekretær

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 21/18	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 22/18	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 23/18	Referatsaker (meldingar)		
RS 8/18	Auke i det resultatbaserte tilskotet til Hordaland fylkeskommune	2015/11453	
RS 9/18	Investeringsbehov ved Fagskolen i Hordaland framover	2015/11453	
RS 10/18	Utviklingsmidlar til Fagskolen i Hordaland for 2018	2015/11453	
RS 11/18	Svar frå Kunnskapsdepartementet om ny organisering	2015/11453	
RS 12/18	Utdanninga Klassisk bygningshåndverk og restaurering er godkjent	2015/11453	
RS 13/18	Endring i styresamansetninga jf. ny fagskulelov	2015/11453	
RS 14/18	Ny studentrepresentant i styret for skuleåret 2018-19	2015/11453	
RS 15/18	Møteplan 2019 - Styret for Fagskolen i Hordaland	2015/11453	
PS 24/18	Ymse		
PS 25/18	Kvalitetsmelding for Fagskolen i Hordaland - 2017-18	2015/11453	
PS 26/18	Endring i kvalitetssystemet for Fagskolen i Hordaland	2015/11453	
PS 27/18	Svar på oversendingsforslag om kvalitet i undervisninga ved Nygård	2015/11453	
PS 28/18	Revidering av forskrift for Fagskolen i Hordaland etter endring i fagskulelova	2015/11453	
PS 29/18	Klagenemnd for fagskoler i Hordaland	2015/11453	
PS 30/18	Strategiplan for Fagskolen i Hordaland 2018 - 2023 og fagområdeakkreditering	2015/11453	

PS 21/18 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 28.09.2018

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 22/18 Godkjenning møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 28.09.2018

Vedtak

Møtebok frå møtet 8. mai vart samrøystes godkjent.

PS 23/18 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 28.09.2018

Vedtak

Merknad til RS 8/18:

Styret for Fagskolen i Hordaland ber om å få behalde dei justerte resultatbaserte midlane på kr. 719.000,- frå Kunnskapsdepartementet. Styret viser til dei store investeringsbehova som fagskolen har, som er viktige bidrag til fortsatt å utvikle auka kvalitet i undervisninga. Desse midlane vil bidra til at vi kan få nokre av dei mindre utstyra på plass. Viser for øvrig til RS 9/18.

Merknad til RS 9/18

Styret for Fagskolen i Hordaland ber om at det vert sett opp ei kort oversikt over investeringsbehova i prioritert rekkefølge med utgreiinga i RS9/18 som bakgrunnsinformasjon.

Ein må også beskrive kort kva investeringar ein ønskjer å søke på til neste år av utviklingsmidlane frå Kunnskapsdepartementet .

Styret ber rådmann / politisk miljø vurdere å legge vår andel (1/2 part) inn i investeringsbudsjettet for 2019 dersom ein forhåpentlegvis får midlar frå Kunnskapsdepartementet .

Styret viser til at desse midlane er særdeles viktige for kvalitetsutviklinga i undervisninga, og ein vil ha små moglegheiter til å kunna ta desse midlane frå driftsbudsjettet.

Øvrige meldingar vart tekne til orientering.

PS 24/18 Ymse

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 28.09.2018

YMSE

Vedk. budsjettprosessen i HFK.

Styret for Fagskolen i Hordaland ser det som svært viktig å koma tidleg inn i budsjettprosessen til Hordaland fylkeskommune. Styreleiar tek kontakt med fylkesrådmann/fylkesordførar for ein dialog om saka. Styret ønskjer eit eige investeringsbudsjett for fagskolen.

Neste styremøte

Styremøtet i november blir i Fagskolen i Hordaland sine lokale på Nordnes.

Gjennomgang av rekneskapen for Fagskolen i Hordaland.

Rektor og fagleiar gjekk gjennom rekneskapstala for 2017. Det ser pr d.d. ut til at rekneskapen vil gå i balanse, men det er framleis ein del usikre faktorar m.a. auka kostnader til helsefag/nye utdanningar. Det har vore god søknad til ledige undervisningsstillingar.

Styret for Fagskolen i Hordaland tok orienteringa til etterretning.

Vedk. PS25/18 Kvalitetsmelding for Fagskolen:

Styret ser det som svært uheldig at svarprosenten er låg, og ber rektor ta initiativ for å få på plass betre rutinar vedk. spørjeundersøkinga. Styreleiar vil delta på skulebesøk.

Profilering av Fagskolen i Hordaland

Styret v/styreleiar vil ta initiativ overfor skuleeigar i høve til ei endå betre profilering og synleggjering av fagskolen.

PS 25/18 Kvalitetsmelding for Fagskolen i Hordaland - 2017-18

Forslag til vedtak

Kvalitetsmeldinga for Fagskolen i Hordaland skuleåret 2017-18 vert teken til orientering, og styret ventar mål og tiltaksplan i november for endeleg handsaming.

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 28.09.2018

Røysting

Administrasjonen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kvalitetsmeldinga for Fagskolen i Hordaland skuleåret 2017-18 vert teken til orientering, og styret ventar mål og tiltaksplan i november for endeleg handsaming

PS 26/18 Endring i kvalitetssystemet for Fagskolen i Hordaland

Forslag til vedtak

Revidert kvalitetssystem for Fagskolen i Hordaland vert vedteke slik det kjem fram av saka.

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 28.09.2018

Røysting

Administrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Revidert kvalitetssystem for Fagskolen i Hordaland vert vedteke slik det kjem fram av saka.

PS 27/18 Svar på oversendingsforslag om kvalitet i undervisninga ved Nygård

Forslag til vedtak

Styret for Fagskolen i Hordaland følgjer opp oversendingsforslaget og sender kvalitetsmelding for 2017/18, saman med mål og tiltaksplan, til Utval for opplæring og helse etter handsaming i styret 15. november.

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 28.09.2018

Røysting

Administrasjonen sitt framlegg vart vedteke med følgjande endringar: Vedtaket vert delt opp i 2 punkt.

Vedtak

1. Styret for Fagskolen i Hordaland følgjer opp oversendingsforslaget.

2. Styret for Fagskolen i Hordaland sender kvalitetsmelding for 2017/18, saman med mål og tiltaksplan, til utval for opplæring og helse etter handsaming i styret 15. november

PS 28/18 Revidering av forskrift for Fagskolen i Hordaland etter endring i fagskulelova

Forslag til vedtak

Utkast til revidert forskrift om opptak, eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolen i Hordaland (forskrift for Fagskolen i Hordaland) vert vedteke slik den kjem fram av saka og sendt på open høyring med frist til 12.11.2018.

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 28.09.2018

Røysting

Administrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utkast til revidert forskrift om opptak, eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolen i Hordaland (forskrift for Fagskolen i Hordaland) vert vedteke slik den kjem fram av saka og sendt på open høyring med frist til 12.11.2018.

PS 29/18 Klagenemnd for fagskoler i Hordaland

Forslag til vedtak

Styret for Fagskolen i Hordaland vedtek følgjande instruks for den lokale klagenemnda for Fagskolen i Hordaland:

Styret for Fagskolen i Hordaland, styret for Høgskulen på Vestlandet (godkjent av rektor ved HVL) og styret for Kunsts skolen i Bergen (heretter omtala som fagskulane) vedtek instruks for felles lokal klagenemnd. Fagskulane opprettar lokal klagenemnd med 5 medlemmer med personlege vara. Leiar og vara for leiar skal fylle dei lovbestedte krava for lagdommarar og ikkje vere tilsett ved fagskulane. To av medlemmene skal vere studentar. Den lokale klagenemnda innrettar seg etter fagskulelova og føresegner i forvaltningslova om habilitet i §§ 6-10, og om teieplikt i §§ 13-13 e, og dessutan forskrift for Fagskolen i Hordaland, forskrift for Yrkesdykkarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet og forskrift om opptak, studier og eksamen for Kunsts skolen i Bergen.

Den lokale klagenemnda skal handsama klager som er fremma etter enkeltvedtak gjort ved ein av fagskulane som underinstans (til dømes klager på opptak, avslag på søknad om fritak og godskriving, formelle feil ved eksamen mm.). Vedtak som er fatta av den lokale klagenemnda i saker om fagskulane sine enkeltvedtak, er endeleg og kan ikkje påklagast.

Den lokale klagenemnda kan også fatte enkeltvedtak på vegner av styra etter §§ 23-27 i fagskulelova. Enkeltvedtak etter desse paragrafane vert gjort etter at sak er fremma av ein av fagskulane. Den lokale klagenemnda er underinstans, og den nasjonale klagenemnda for fagskuleutdanning er klageorgan for klager etter desse paragrafane.

Forvaltningslova kapittel III - VI og VIII gjeld for avgjerder om opptak, avsluttande vurdering, annullering av eksamen, bortvising, utestenging, skikkavurdering, innpassering og fritak.

I saker der ein av fagskulane er underinstans, skal fagskulen sørge for at klaga er ordentleg opplyst. Administrasjonen ved opplæringsavdelinga utfører sekretariatsfunksjonen for den lokale klagenemnda i alle saker.

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 28.09.2018

Røysting

Administrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Styret for Fagskolen i Hordaland vedtek følgjande instruks for den lokale klagenemnda for Fagskolen i Hordaland:

Styret for Fagskolen i Hordaland, styret for Høgskulen på Vestlandet (godkjent av rektor ved HVL) og styret for Kunstskskolen i Bergen (heretter omtala som fagskulane) vedtek instruks for felles lokal klagenemnd. Fagskulane opprettar lokal klagenemnd med 5 medlemmer med personlege vara. Leiar og vara for leiar skal fylle dei lovbestede krava for lagdommarar og ikkje vere tilsett ved fagskulane. To av medlemmene skal vere studentar. Den lokale klagenemnda innrettar seg etter fagskulelova og føresegner i forvaltningslova om habilitet i §§ 6-10, og om teieplikt i §§ 13-13 e, og dessutan forskrift for Fagskolen i Hordaland, forskrift for Yrkesdykkarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet og forskrift om opptak, studier og eksamen for Kunstskskolen i Bergen.

Den lokale klagenemnda skal handsama klager som er fremma etter enkeltvedtak gjort ved ein av fagskulane som underinstans (til dømes klager på opptak, avslag på søknad om fritak og godskriving, formelle feil ved eksamen mm.). Vedtak som er fatta av den lokale klagenemnda i saker om fagskulane sine enkeltvedtak, er endeleg og kan ikkje påklagast.

Den lokale klagenemnda kan også fatte enkeltvedtak på vegner av styra etter §§ 23-27 i fagskulelova. Enkeltvedtak etter desse paragrafane vert gjort etter at sak er fremma av ein av fagskulane. Den lokale klagenemnda er underinstans, og den nasjonale klagenemnda for fagskuleutdanning er klageorgan for klager etter desse paragrafane.

Forvaltningslova kapittel III - VI og VIII gjeld for avgjerder om opptak, avsluttande vurdering, annullering av eksamen, bortvising, utestenging, skikkavurdering, innpassering og fritak.

I saker der ein av fagskulane er underinstans, skal fagskulen sørge for at klaga er ordentleg opplyst. Administrasjonen ved opplæringsavdelinga utfører sekretariatsfunksjonen for den lokale klagenemnda i alle saker.

PS 30/18 Strategiplan for Fagskolen i Hordaland 2018 - 2023 og fagområdeakkreditering

Forslag til vedtak

1. Fagskolen i Hordaland skal søkje NOKUT om akkreditering av fagområda bygg og elektro innan fristen 1. november 2018.
2. Strategiplan; «Fagskolen som regional utviklingsaktør – revidert strategiplan for Fagskolen i Hordaland 2018 – 2023» vert vedteken slik det kjem fram av saka.

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 28.09.2018

Røysting

Administrasjonen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fagskolen i Hordaland skal søkje NOKUT om akkreditering av fagområda bygg og elektro innan fristen 1. november 2018.

2. Strategiplan; «Fagskolen som regional utviklingsaktør – revidert strategiplan for Fagskolen i Hordaland 2018 – 2023» vert vedteken slik det kjem fram av saka.